



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 02.12.2015
Tid: 14:00 – 17:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift

Wenche Tislevoll
Ordfører

Agnar Aarskog

Sigurd Andre Maraas

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 102/15	Godkjenning av protokoll	
PS 103/15	Næringsprisen 2015	
PS 104/15	Kulturprisen 2015	
PS 105/15	Prioritering av spelemidlar for 2016	
PS 106/15	Val av lokale til helsesenter	
PS 107/15	Økonomisituasjonen i Fitjar kultur- og idrettsbygg	
PS 108/15	Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019	
PS 109/15	Ymse	
PS 110/15	Meldingar	

Innkalling og sakliste godkjent utan meknader.

PS 102/15 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 103/15 Næringsprisen 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Det er ikkje kome inn framlegg til kandidatar innan fristen.

Det vart lagt føre framlegg til kandidatar i møtet.

Formannskapet drøfta saka, og la føre slikt felles framlegg til vedtak: Heimli AS vert tildelt næringsprisen 2015.

Vedtak: (Samrøystes)

Heimli AS vert tildelt næringsprisen 2015.

PS 104/15 Kulturprisen 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.

Rådmann Atle Tornes vart samrøystes erklært ugild, og forlet møtet under handsaming av saka.

Representantane Arne Prestbø (H) og Sigurd André Maraas (FRP) ba formannskapet vurdera om dei var ugilde i saka. Begge representantane vart samrøystes erklært gilde.

Det er komne inn 3 forslag til kandidatar, og eitt vart lagt føre i møtet.

Formannskapet drøfta saka, og kom med følgjande framlegg til vedtak: Kulturprisen 2015 vert tildelt Fitjar skulekorps.

Vedtak: (Samrøystes)

Kulturprisen 2015 vert tildelt Fitjar skulekorps.

PS 105/15 Prioritering av spelemidler for 2016

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Sendt på iPad i møtet:

Framlegg frå administrasjonen til endring av framlegg til vedtak:

Fitjar kommune prioriterar søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

1. rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.

Fitjar kommune prioriterer søknader om nærmiljøanlegg i denne rekkefølga:

1. Fitjar kommune – aktivitetsflate I «småskulen».
2. Fitjar kommune – aktivitetsflate III «ungdomstrinnet».
3. Fitjar kommune – aktivitetsflate II «mellomtrinnet».
4. Tursti Strandpromenade i Fitjar Sentrum – Moahagen.
5. Opprusting av tursti frå Skaret – Svartasmoget til Selevik.

Framlegg frå representanten Sigurd André Maraas (FRP) om å byta om dei to siste punkta. Etter drøfting, og informasjon frå kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland, trekte han framlegget.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune prioriterar søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

1. rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.

Fitjar kommune prioriterer søknader om nærmiljøanlegg i denne rekkefølga:

1. Fitjar kommune – aktivitetsflate I «småskulen».
2. Fitjar kommune – aktivitetsflate III «ungdomstrinnet».
3. Fitjar kommune – aktivitetsflate II «mellomtrinnet».
4. Tursti Strandpromenade i Fitjar Sentrum – Moahagen.
5. Opprusting av tursti frå Skaret – Svartasmoget til Selevik.

PS 106/15 Val av lokale til helsesenter

Framlegg til vedtak/tilråding:

Kommunen vil utgreia vidare fylgjande alternative lokale til helsesenter:

1. Delt løysing
2. Bygg i eigen regi ved Rådhuset
3. Larsen eigedommen, begge alternativ.

Adminstrasjonen har ikkje nok informasjon om Fitjar vidaregåande skule, og alternativet bak FKIB, til å gje endeleg tilråding.

Tilboda frå Sentrumsgården, Todlak as og Fitjar Eigedomsselskap vert lagt bort.

Rådmannen får fullmakt til å kjøpa ekstern hjelp innanfor ei ramme på kr 100.000, finansiert ved tilskot frå Helsedirektoratet.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Representanten Agnar Aarskog (AP) vart samrøystes erklært gild i saka, då alternativet med tilbygg til FKIB var lagt bort.

Formannskapet drøfta saka grundig.

Rådmannen kom med følgjande framlegg til endring av sitt framlegg til vedtak:

Kommunen vil utgreia vidare fylgjande alternative lokale til helsesenter:

1. Delt løysing
2. Bygg i eigen regi ved Rådhuset/FKIB/FVG
3. Larsen eigedommen, begge alternativ.

Tilboda frå Sentrumsgården, Todlak as og Fitjar Eigedomsselskap vert lagt bort.

Rådmannen får fullmakt til å kjøpa ekstern hjelp innanfor ei ramme på kr 100.000, finansiert ved tilskot frå Helsedirektoratet.

Vedtak:

Kommunen vil utgreia vidare fylgjande alternative lokale til helsesenter:

1. Delt løysing
2. Bygg i eigen regi ved Rådhuset/FKIB/FVG
3. Larsen eigedommen, begge alternativ.

Tilboda frå Sentrumsgården, Todlak as og Fitjar Eigedomsselskap vert lagt bort.

Rådmannen får fullmakt til å kjøpa ekstern hjelp innanfor ei ramme på kr 100.000, finansiert ved tilskot frå Helsedirektoratet.

PS 107/15 Økonomisituasjonen i Fitjar kultur- og idrettsbygg

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune tek initiativ til ein gjennomgang av langsiktig finansiering av FKIB saman med andre aksjonærar og selskapet i 1. halvår 2016, med sikte på nytt vedtak i kommunestyret i juni 2016.

Kommunen tek sikte på å auka budsjett for tilskot til FKIB for 2016, slik at kommunen sin høvesvise del av kapitalkostnaden blir dekt.

Kommunen aukar budsjett for vedlikehald av kultursalen med kr 50.000 i 2015. Ledige midlar kan overførast til 2016.

Kommunen tek sikte på å auka budsjett for vedlikehald av kultursalen for 2016, slik at kostnaden med normal drift blir dekt.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Representanten Agnar Aarskog (AP) erklærte seg ugild då han er styreleiar i Fitjar kultur- og idrettsbygg AS, og gjekk frå møtet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Rådmann Atle Tornes orienterte om dei økonomiske tilhøva mellom Fitjar kommune og FKIB.

Formannskapet drøfta saka grundig, og ber om ein plan for strategi for drift og vedlikehald av kultur- og idrettsbygget.

Rådmannen foreslo orda: strategi og – i første line av vedtaket.

Vedtak: (4 røyster)

Fitjar kommune tek initiativ til ein gjennomgang av langsiktig strategi og finansiering av FKIB saman med andre aksjonærar og selskapet i 1. halvår 2016, med sikte på nytt vedtak i kommunestyret i juni 2016.

Kommunen tek sikte på å auka budsjett for tilskot til FKIB for 2016, slik at kommunen sin høvesvise del av kapitalkostnaden blir dekt.

Kommunen aukar budsjett for vedlikehald av kultursalen med kr 50.000 i 2015. Ledige midlar kan overførast til 2016.

Kommunen tek sikte på å auka budsjett for vedlikehald av kultursalen for 2016, slik at kostnaden med normal drift blir dekt.

PS 108/15 Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016 – 2019, med følgjande endringar:

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 på høyring i perioden 2. til 16. desember.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Rådmann Atle Tornes orienterte om nye opplysningar som er komne til saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Representanten Arne Prestbø (H) kom med følgjande framlegg til endring i budsjett på vegne av Høgre og AP, og gjorde greie for endringane.

	Auka utgift	Innsparing	
Resultat rådmannens budsjett			1 490 000
7. klasse tilbake til krinsane	323 000		
Støtte til FKIB (40+95) til 15 budsjett	135 000		
SFLMK - støtte veterinær	48 000		
Inntekter/utgifter kom.kult.		20 000	
Barnehage mindre utgifter		710 000	
Kontrollutvalet		380 000	
Låg strampris og ny avtale		100 000	
Støtte til Fitjarfestivalen, etter søknad		50 000	
Seinare tilsetjing Plan/byggesak		100 000	
Utviding lærarstilling voksenoppl. Vår	190 000		
Sum	696 000	1 360 000	664 000
Resultat etter endring			2 154 000

LANGTIDSBUDSJETT

	2017	2017		2018		2019
	Utgift	Innsparing	Utgift	Innsparing	Utgift	Innsparing
Resultat rådmannens budsjett						
7. klasse tilbake til krinsane	891 000		891 000		891 000	
Støtte til FKIB (40+95) til 15 budsjett						
SFLMK - støtte veterinær	48 000		48 000		48 000	
Inntekter/utgifter kom.kult.		20 000		20 000		20 000
Barnehage mindre utgifter		710 000		710 000		710 000
Kontrollutvalet		380 000		380 000		380 000
Låg strampris og ny avtale						
Støtte til Fitjarfestivalen, etter søknad		50 000		50 000		50 000
Seinare tilsetjing Plan/byggesak						
Utviding lærarstilling voksenoppl. Vår						
Sum	939 000	1 160 000	939 000	1 160 000	939 000	1 160 000
Resultat etter endring		221 000		221 000		221 000

Investeringsbudsjett og verbale føringar vert å koma attende til i kommunestyremøtet 16.12.15.

Rådmannen set opp ei oversikt over endringar i budsjettforliket i Stortinget, og sender til gruppeleiarane snarast.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster, og fall.

Rådmannen sitt framlegg med endringar frå H og AP: Samrøystes

Tilråding: (Samrøystes)

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan 2016 – 2019, med følgjande endringar:

BUDSJETT 2016

	Auka utgift	Innsparing	
Resultat rådmannens budsjett			1 490 000
7. klasse tilbake til krinsane	323 000		
Støtte til FKIB (40+95) til 15 budsjett	135 000		
SFLMK - støtte veterinær	48 000		
Inntekter/utgifter kom.kult.		20 000	
Barnehage mindre utgifter		710 000	
Kontrollutvalet		380 000	
Låg strampris og ny avtale		100 000	
Støtte til Fitjarfestivalen, etter søknad		50 000	
Seinare tilsetjing Plan/byggesak		100 000	
Utviding lærarstilling voksenoppl. Vår	190 000		
Sum	696 000	1 360 000	664 000
Resultat etter endring			2 154 000

LANGTIDSBUDSJETT

	2017	2017	2018	2018	2019	2019
	Utgift	Innsparing	Utgift	Innsparing	Utgift	Innsparing
Resultat rådmannens budsjett						
7. klasse tilbake til krinsane	891 000		891 000		891 000	
Støtte til FKIB (40+95) til 15 budsjett						
SFLMK - støtte veterinær	48 000		48 000		48 000	
Inntekter/utgifter kom.kult.		20 000		20 000		20 000
Barnehage mindre utgifter		710 000		710 000		710 000
Kontrollutvalet		380 000		380 000		380 000
Låg strampris og ny avtale						
Støtte til Fitjarfestivalen, etter søknad		50 000		50 000		50 000
Seinare tilsetjing Plan/byggesak						
Utviding lærarstilling voksenoppl. Vår						
Sum	939 000	1 160 000	939 000	1 160 000	939 000	1 160 000
Resultat etter endring		221 000		221 000		221 000

Investeringsbudsjett og verbale føringar vert å koma attende til i kommunestyremøtet 16.12.15.

Formannskapet legg framlegg til budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 på høyring i perioden 2. til 16. desember.

PS 109/15 Ymse

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

1. Idag på morgonen 26.11 var det klinkis på kommunale og fylkesveier i bygda, kan nevne Dåfjordveien, Lio, Helland, Heiabrekko, Rydland m.m. I beste gangtid for våre syklende og gåande elever på skulen. Skam farligt. Dette været var varsla i god tid, å det er ikkje godt nok. Kan de ta grep snarast råd for å sikre at dette blir bedre?
2. Gatelys som er innmeldt som defekte både på Sæterbøvegen og andre plasser er framleis ikkje fiksa, sjølv om det er purra på uttallige ganger. No er det mørkt og glatt! Kan de ta grep for å få fortgang i dette?
3. I Sæterbøvegen er asfalthulla i vekst igjen, spesielt ved innkjøringa fra 545, men og vidare oppover. Er det mulig å få kvalifisert personell til å kappe skikkelige kanter å få desse holene utbedra skikkelig? Eventuelt kan dei som disponerer veien få mulighet til å hente asfalt hos kommunen å fikse dette sjølv?
4. Korleis ligg de an i planlegginga av ny innkjørsel til skuleplassen ved Øvrebygda skule?
5. Er det igangsatt arbeid med ny reguleringsplan for Årskog industriområde som me snakka om sist møte?
6. Førrige møte etterlyste eg klarhet i avtaler, leigeforhold, leige priser osv for Fkib. Kven eig kva, kven disponerer kva, og kven betaler for kva? Å kven skal egentlig betale for kva? Med tanke på blandt anna innspelet fra FKIB til budsjettet 2016. Er det mulig å få ein orientering rundt dette?
7. I Sagvåg er det komt ny 50 sone i ca 400 meter, med ein (behagelig) fartshomp. Trafikken forbi Rydland på 545 er sterkt aukande, noko me spesielt godt merkar på tungtrafikken når Statens vegvesen har kontroll på Vabakken. Er det mulig å få lignande trafikksikringstiltak på plass rundt krysset til Koløyholmen og eller ved butikken på Rydland? Sjølv med nytt flott busstopp er farten forbi altfor høg no. Kan sjå ut som farten bere aukar, men det er no bere mitt syn. Spesielt på ettermiddagen og fram til formiddagen er problemet størst.

Svar frå avd.ingeniør drift, Tore Nesbø:

1. Is på kommunale og fylkeskommunale vegar. Torsdag 26.11 på morgonen var det ekstremt glatt på vegane grunna underkjølt regn, i samband med dette gjekk vegtrafikksentral, og politiet ut med advarsel om tilhøve her i distriktet. Entreprenør som kommunen har avtale med vart kontakta av NCC på morgonen for strøing i Dåfjord området (NCC har kontrakt på vintervedlikehald på strekninga) vidare vart det teke kontakt med entreprenør for strøing på koløyvegen, og kommunen sitt eige personell strødde vegen til Rimbareid skule, inkl fortau.

I dette tilfelle burde ein nok forutsett korleis tilhøva på vegane kunne bli på morgonen, og me vil ta kontakt med entreprenør og be dei vurdere vær tilhøva frametter slik at ein kan vere meir i forkant, når det er sagt må ein og minne om at kontrakten for beredskap som kommunen har med entreprenør gjeld frå 1 desember til 29 februar.

2. Gate belysning; her vart det bestilt inn utskifting av ein del defekte armatur samt nye lyspærer der desse var defekte i september månad, det er purra på desse arbeida frå kommunen si side ved eit par tilhøve, og det kan virke som om det har vore litt kapasitetproblem frå kraftlaget si side, og at dei har komme litt "Bakpå" det har og dukka opp ein del uforutsette hendingar som jordfeil på kablar mv. Slik at ein har måtta gravd opp kablar og erstatta desse. Det er blitt prioritert å skifte ut pærer, der det må

skiftast heile armatur vert teke etter dette, kraftlaget har og ein del bestillingar frå vegvesenet på nye armatur i Dåfjord, og Osternes.

3. Sæterbøvegen; Ein har jamnleg folk oppe for å lappe i slaghola i nedre del av Sæterbøvegen, som er i særskild stand med sporkjøyring og krakelering. Ein er usikker på i kva grad skjæring av asfaltkantar vil ha noko føremål, då heile vegdekke er utslitt. Det er vedlikehaldspersonell såpass ofte oppe på Sæterbøvegen at det burde ikkje vere behov for at oppsittjarar utfører asfaltlapping på vegen, med dersom dette er eit sterkt ynskje så kan ein ta kontakt for nærare avtale om dette.
4. Ny innkjørsel til skuleplassen; Det er foreslått avsett kr 100.000,- på investeringsbudsjettet til føremålet. Det ein har tenkt å utføre er å få satt opp ballfangnett bak mål i nord, etablere ny tilkomst til plassen lengre vest, og ny port/gjerde i nord.

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

5. Det vart ikkje gjort vedtak på oppstart av reguleringsplan i formannskapsmøtet. Vidare framgongsmåte for å få igong arbeidet med ny plan kan vera å leggja midlar i budsjett til arbeidet og verbal føring som legg føringar for dette. Eventuelt be om sak til neste formannskapsmøte.
6. Svar vart gjeve i sak PS 107/15 i dette møtet.
7. For å få nedsatt fart og få fartsdump over Rydland må det søkjast. Me har gjennom heile denne perioden søkt om å få fartsdumpar gjennom sentrum av Fitjar i 40 sona. Me har fått etablert ein dump men prøver å få fleire på plass. Dette i samsvar med vedtatt trafikksikringsplan. Med nye busstopp etablert på kvar side av vegen har trafikksikkerheta auka monaleg på staden. Tiltak som nedsatt fart eller fartsdumpar er ikkje vurdert i trafikksikringsplanen. Det som kan vera eit effektivt tiltak er å oppmoda politiet om å ta hyppige fartskontrollar.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H)

Håkonar næringspark – vidare arbeid for ein evt. reguleringsplan for parken.

Kommunereform – Ordføraren ynskjer at det skal vera to representantar frå Fitjar kommune som skal delta i forhandlingane. I tillegg til ordføraren ber ein om at ein representant til vert oppnemnt snarast.

PS 110/15 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 02.12.2015:

Meldt i møtet:

- Brev frå Deloitte: Interimsrevisjon Fitjar kommune 2016.
- Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet vedk. statsbudsjett 2016 – helsestasjons- og skulehelseteneste og kommunalt rusarbeid.
- Brev til Kartverket vedk. namnesak for Rydland

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.